

TUSENFRYD BARNEHAGE

ÅRSPLAN
2023-2024





TUSENFRYD BARNEHAGE STRANDA SA

Tegane 24, 6200 Stranda

Administrasjon/kontor: 466 30 990

<http://tusenfrydbarnehage.blogspot.com/> www.tusenfrydbarnehage.no

Dagleg leiar: Gro Anita Rjånes gro@tusenfrydbarnehage.no



VISJON:

DET ER STORT Å VERE LITEN I TUSENFRYD BARNEHAGE

Blåklokka:

Tlf. 466 30 993

Pedagogisk leiar:
Silje Røyr
Lene Vongraven



Løvetanna:

Tlf. 466 30 992

Pedagogisk leiar:
Anne Merete T. Norangshol
Tonje Corneliussen



Solsikka:

Tlf. 466 30 991

Pedagogisk leiar:
Linda Sylte
Marita H. Eliassen
Line Gausdal Langhelle



VÅRE GRUNNVERDIAR ER



Omsorg

Profesjonalitet




Engasjement

Glede



Blåklokka:

Barna kjem: Frileik på avdeling
8.15-8.45: Frukost
08.45-10.30: Inne-/ utelek (formingsaktivitet, tur, frileik, leikegrupper)
10.30: Mellommåltid med graut/ smoothie/ yoghurt med gryn og frukt
Stelletid
11.00-13.00: Sovetid
13.30-14.00: Brødmåltid. Varmmat tirsdag og torsdag
Stelletid
14.00-16.20: Inne-/ utelek
16.20: Barnehagen stenger



OPNINGSTIDER FOR BARNEHAGEN: kl. 06.40 – kl. 16.20

Løvetanna:

Barna kjem: Frileik på tvers av avdelingane
07.45- 08.30: Frukost (Dei som ønsker frukost må komme seinast 8.15)
Barna får tilbod om frukost på kjøkkenet etter kvart som barna kjem
08.45: Samling
09.15: Frileik og tilrettelagde aktivitetar - inne/ute
10.45: Mellommåltid med graut, smoothie, yoghurt med gryn og frukt
Stelletid
11.15: Sovetid. Leik inne/ute for dei som ikkje søv
13.15: Brødmåltid. Varmmat tysdag og torsdag
Stelletid.
14.00: Frileik og tilrettelagde aktivitetar - inne/ute
16.20: Barnehagen stenger



Solsikka:

Barna kjem: Frileik på tvers av avdelingane
08.30: Samling
08.45: Frukost i mindre grupper
09.15: Frileik og tilrettelagde aktivitetar - inne/ute
10.45: Mellommåltid med graut, smoothie, yoghurt med gryn og frukt
11.15: Leik inne/ute
13.00: Brødmåltid. Varmmat tysdag og fredag
14.00: Frileik og tilrettelagde aktivitetar - inne/ute
16.20: Barnehagen stenger



VAKSENROLLA OG TRYGGHEIT


VAKSENROLLA I BARNET SI DANNING

Personalet i Tusenfryd ønsker å vere tydelege, konsekvente og venlege vaksne. Vi anerkjenner barna sine kjensler på ein god og raus måte samtidig som vi set tydelege grenser og rettleiar barna. Slik meiner vi at vi skaper eit trygt og forutsigbart læringsmiljø.

Dei vaksne skal vere venlege, varme grensesetjarar for barna
= **AUTORITATIV GRENSESETTING.**

Personalet må sjå omsorg og danning, lek og læring, sosial og språkleg kompetanse i samanheng. Tusenfryd skal vere ein arena der barnet er medskapar av eigen kultur. Danning gjennom omsorg, lek og læring er ein del av innhaldet i barnehagen, og må sjåast på som ein del av ein samanvoven og kompleks heilskap

TRYGGHEITSSIRKELEN




VAKSENROLLA I LEIKEN

Som vaksne skal vi observere barna og gjere oss så godt kjent med barna slik at vi kan hjelpe dei til å nå nye mål både sosialt, mentalt, kognitivt og motorisk. Dei vaksne som arbeider på avdelinga skal kunne fungere som «støttande stillas» (jmf. Bruner) på barna sin veg mot «neste utviklingssone», (jmf. Vygotskij). Dette skjer best ved at dei vaksne er mykje i lag med barna i leiken «på golvet».

Dei vaksne treng ikkje ha framtrødande rolle i leiken. Dei kan t.d. fungere som inspirator og gi nye ideer til leiken, hjelpe stille og forsiktige barn inn i samlek med andre, legge til rette det fysiske miljøet og finne fram utstyr som inspirerer til meir avansert lek.



SATSINGSOMRÅDE



KUNNSKAPSOMRÅDE OG SITAT FRÅ RAMMEPLANEN

Kap. 3. Barnehagen sitt formål og innhald

I barnehagen skal barna oppleve eit stimulerande miljø som støttar opp om lysta til å leike, utforske og meistre. Barnehagen skal introdusere nye situasjonar, tema, fenomen, materiale og reiskapar som bidreg til meningsfull samhandling. Nysgjerrigheit, kreativitet, og vitelyst skal anerkjennast, stimulerast og leggjast til grunn for læringsprosessane. Barna skal få undersøkje, oppdage og forstå samanhengar, utvide perspektiv og få ny innsikt. Barna skal få bruke heile kroppen og alle sansar i læringsprosessane sine. Barnehage skal bidra til læringsfellesskap der barna skal få bidra i eiga og andre si læring.

MÅL: Arbeidet med språk må være systematisk

Arbeidet med språk i barnehagen skal vere kunnskapsbasert, reflektert, planlagt, begrunna, organisert, målretta og heilheitleg. Personalet skal ha eit reflektert blikk på den pedagogiske praksisen vår og auke medvitet rundt språkstimulering. Slik skal vi utvikle ny kunnskap og styrke kvaliteten på arbeidet. Pedagogisk og didaktisk refleksjon og samarbeid blir viktig, og personalet må tilpasse innsatsen og tilrettelegge språkarbeidet ut frå både enkeltbarn og barnegruppas behov.

AKTIVITET: mål og innhald i handling

- språkutviklande samtalar
- språkutviklande fortellingar
- bruk av språk i barna sine aktivitetar og opplevingar
- språklæring gjennom lek
- bøker og språkleg bearbeiding av innhaldet
- systematisk og planlagt arbeid med ord og omgrepsforståing
- språkleg medvit og skriftspråkstimulering
- bruk av alternativ supplerande kommunikasjon som støtte til alle barn i språklæring

Gjennom satsingsområdet skal personalet bevisstgjera bruken av matematiske omgrep og bruke dei aktivt i lag med barna. Ved bruk av litteratur, spel, musikk, digitale verktøy, naturmateriale, leiker og utstyr skal vi gjere barna nysgjerrige og styrke matematikkglede.

DOKUMENTASJON: Korleis vil vi dokumentere før, under vegg og etter?

- Bilete
- Kidplan
- Månadsbrev
- Facebook/Instagram
- Blogg
- Pedagogisk dokumentasjon



FØRESETNADAR

SPRÅK ER MYKJE MEIR ENN BERRE PRAT

Ein dag i barnehagen består av svært mange kvardagssituasjonar der barna kan bruke språket aktivt, og eit godt språkstimulerande miljø er prega av at personalet brukar språket i samspel med barna heile dagen. Dei vaksne sin innsats er viktig, og dei er språkmodellar for barna. Personalet skal legge til rette for språkleg samhandling barna imellom. Rundt matbordet går for eksempel samtalen mellom barna og dei vaksne, og i leiken brukar barna språket når dei kommunisera med kvarandre. I garderoba brukar dei vaksne og barna namn på klede og snakkar om det dei gjer, og dei snakkar saman om felles opplevingar eller om noko som skal skje seinare på dagen. Det meste og viktigaste av språkstimuleringsarbeidet i barnehagen skjer gjennom slike kvardagsaktivitetar, og ulike innfallsvinklar og metodar kan vere eigna til å engasjere barna i språklege aktivitetar. Personalet brukar alternativ supplerande kommunikasjon i samspel med alle barna i barnehagen. Personalet veksler mellom bildestøtte og teiknstøtte. Bildestøtte skal vere tilgjengeleg slik at barna sjølv kan velge å hente/bruke bilde for å uttrykke seg.

- Halvårsplan
- Utstyr
- Planlagde aktivitetar
- Spontane situasjonar
- Barneinitierte aktivitetar

EVALUERING

- Brukar personalet språkutviklande samtalar i kvardagen?
- Korleis ser vi at personalet bevisst nyttar bruk av språk i barna sine aktivitetar og opplevingar?
- Har vi fokus på språkutviklande fortellingar for barna?
- Korleis nyttar personalet bøker og språkleg bearbeiding av innhaldet?
- Korleis har vi arbeidd med systematisk og planlagd arbeid med ord og omgrepsforståing
- Korleis har vi lagt til rette for bevisst språklæring gjennom leik?
- Språkleg medvit og skriftspråkstimulering

INNHALD

Barnehagen skal være bevisst på at kommunikasjon og språk påverkar og påverkast av alle sider ved barnet si utvikling. Gjennom dialog og samspel skal barna støttast i å kommunisere, medverke, lytte, forstå og skape mening. Barnehagen skal anerkjenne og verdsette barna sine ulike kommunikasjonsuttrykk og språk, også deira bruk av alternativ supplerande kommunikasjon. Alle barn skal få god språkstimulering gjennom barnehagekvardagen, og alle barn skal få delta i aktivitetar som fremma kommunikasjon og en heilheitleg språkutvikling.

Personale skal

- anerkjenne og respondere på barna sine ulike verbale og non-verbale uttrykk og støtte deira språkutvikling
- stimulere barna si verbale og non-verbale kommunikasjon og legge til rette for at alle barn vert involvert i samspel og i samtalar
- sørge for at alle barn får varierte og positive erfaringar med å bruke språk som kommunikasjonsmiddel, som reiskap for tenking og som uttrykk for egne tankar og følelsar
- være bevisst på sine roller som språklege forbilde og være lydhøyre i kommunikasjon med alle barn
- følge med på barnas kommunikasjon og språk og fange opp og støtte barn som har ulike former for kommunikasjonsvanskar, som er lite språkleg aktive, eller som har sein språkutvikling
- bidra til at språkleg mangfald blir ein berikelse for heile barnegruppa, støtte fleirspråklege barn i å bruke sitt morsmål og samtidig aktivt fremme og utvikle barna si norskkompetanse.

UTVIKLINGSARBEID: SOSIAL KOMPETANSE OG FOREBYGGJANDE ARBEID MOT MOBBING

For å handle kompetent i ein sosial samanheng treng ein sosial kompetanse.

Å utvikle sosial kompetanse betyr å utvikle ferdigheite som:

1. Empati
2. Samarbeid
3. Sjølvhending
4. Sjølvkontroll
5. Ansvarskjensle



DERFOR BLIR DET VIKTIG Å BIDRA TIL AT BARNA LÆRER:

- å etablere og oppretthalde vennskap
- å gi andre ros og anerkjenne andre
- å sette seg inn i korleis andre har det og gi uttrykk for sine følelsar
- å ta del i eit fellesskap og samarbeide om felles oppgåver
- å hevde seg sjølv og sine meininga på ein positiv måte

SOSIAL KOMPETANSE SKAL VERE EIN INTEGRERT DEL AV BARNEHAGEN SITT FØREBYGGANDE ARBEID MOT MOBBING.

- Val av tiltak må være forankra i barnehagen sin eigen røyndom.
- Sosial kompetanse er eit læringsområde som føreset eit nært samarbeid med føresette. Det er viktig at personalet har ei felles forståing for kva som skal til for å lære sosial kompetanse.
- Det er summen av alle tiltaka som gir effekt, ikkje enkelttiltaka.
 - Temaet skal takast opp på personalmøte, foreldremøte og i foreldresamtalar.
 - Ha fokus på sosial kompetanse i alle situasjonar i barnehagen.
 - Bruke observasjonsmetoder (uformell observasjon, kontaktbarometer, intervju av barn/ barnesamtalar, sosiogram) for å kartlegge sosiale relasjonar.
 - Fortsette å ha stort fokus på leiken, og at alle skal ha ein venn.
 - I rettleiing med vaksne: Fokus på dei vaksne sitt ansvar som rollemodellar, bevisstgjeriing av korleis vi snakkar med/ til/ om barn, stemmebruk, kroppsspråk og korleis vi kan inkludere andre.
 - Personalet rettleier barn i konflikhtar, slik at dei etter kvart kan bli meir sjølvstendige i konflikthandtering.

Å arbeide systematisk med sosial kompetanse i barnehagen er vårt viktigaste forebyggjande tiltak mot mobbing. Vi skal ha fokus på dette kvar einaste dag og i alle situasjonar.

For å kunne avdekke, stoppe og følgje opp mobbing og utestenging må personalet vere til stades i barna sin leik og aktivitetar. Dei vaksne må vere autoritative, varme rettleiarar. Vi må vere gode til å observere barn, både planlagt og for å sjå korleis dei fungera i sosialt samspel. Kva for roller tek/ får barna? Kven vert leiart og kven let seg leie? Er det nokon som treng hjelp for å komme inn i leiken? Vi har eit ansvar for å sjå kvart einskild barn, og dynamikken i barnegruppa.

Vaksne i barnehagen er viktige rollemodellar for barna, og haldningane vert overført til dei. Kva for ord vi vel å bruke, vår stemmebruk, korleis vi roper på eit barn har større betydning enn mange er klar over.

Personalet i barnehagen har klare retningslinjer for korleis handtere mobbing i barnehagen. Les meir om dette i Kapittel VIII i

barnehagelova: Psykososialt barnehagemiljø

§ 41. Nulltoleranse og forebyggjande arbeid

§ 42. Plikt til å sikre at barnehagebarna har eit trygt og godt psykososialt barnehagemiljø (aktivitetsplikt)

§ 43. Skjerpa aktivitetsplikt dersom ein som arbeider i barnehagen, krenka eit barn

Foreldra har også ei svært viktig rolle som rollemodellar og rettleiarar i dette arbeidet. Det er viktig å omtale andre barn på ein positiv måte, og bry seg om vennskapet som barna knyter til dei andre i barnehagen. Dette kan hjelpe barnet ditt til å få og halde på venner, verte inkluderande og motarbeide mobbing i barnehagen. Den viktigaste måten å lære empati på er å møte empati frå andre.

ORGANISASJONSKART FOR TUSENFRYD BARNEHAGE SA



MEDLEMAR I STYRET



STYRELEIAR
Thomas Roset
(2022-2024)

Nestleiar og foreldrerepr
Live Slettvoll Myklebust
(2023-2025)

Foreldrerepr
Nina Årdal
(2022-2024)

Foreldrerepr.
Martin Kristoffersen
(2023-2025)

Personalrepr.
Lene Vongraven
(Valgt av personalet)

Kommunalrepr.
Øystein Strand
(Oppnevnt av Stranda Kommune)

Foreldrerepr.
Marita Solli
(2023-2025)

Foreldrerepr.
Sten Fjørstad
(2023-2025)

VARAMEDLEMMAR

Personalrepr.
Åshild Rekdal
(Valgt av personalet)

STYRAR I BARNEHAGEN OG SEKRETÆR FOR STYRET
Gro Anita Rjånes

VALNEMNDA

Anders Fjørstad
(2020-2024)

Peter Øie Bergheim
(2023-2025)



SAMARBEIDSUTVALET

Samarbeidsutvalet skal vere eit rådgivande, kontaktskapande og samordnande organ. Samarbeidsutvalet består av foreldre og tilsette i barnehagen, slik at kvar gruppe er likt representert. Barnehagens eigar kan delta etter eige ønske, men ikkje med fleire representantar enn kvar av dei andre gruppene. Foreldreprerentant blir valt av foreldra på foreldremøte i haust. Personalet vel sine representantar på første personalmøte eller plandag etter oppstart.

BARNEHAGEN SINE ANDRE SAMARBEIDSPARTAR

Helsestasjonen: Helsestasjonen har ansvar for å drive generelt forebyggende og helsefremmande arbeid for å trygge barns oppvekstvilkår i kommunen, og for å foreslå at det blir søkt barnehageplass for barn med særskilte behov. Vi i barnehagen samarbeider med helsestasjonen på fleire nivå.

PPT, pedagogisk-psykologiske tjeneste:

PPT er ein fagleg instans som kan gi sakkyndig vurdering og tilråding om spesialpedagogisk hjelp. Dersom barnehagen ønsker samarbeid om, og hjelp til enkeltbarn i barnehagen, må foreldra ha gitt sitt samtykke til det, og trekkast aktivt inn i det arbeidet.

Barnevermtjenesta: Barnevernets hovudoppgåve er å sikre at barn som lever under forhold som kan skade helsa og utviklinga, får nødvendig hjelp og omsorg til rett tid. Barnehagen og barnevernet er to av fleire aktørar som bidrar til å skape trygge oppvekstvilkår for små barn.



Kommunen: Stranda kommune har det øveste tilsynsmynde med alle barnehagane i kommunen, dette gjeld dei private på linje med dei kommunale. Tusenfryd barnehage har samordna opptak med dei andre barnehagane i kommunen. Styrar er med i eit "styrar-nettverk" saman med styrarane i dei andre barnehagane i Stranda. Nettverket har jamlege møter som blir leia av kommunalsjef oppvekst.

PBL- private barnehager landsforbund:

Tusenfryd barnehage er medlem av PBL, som jobber for å sikre private barnehagar sine rettigheter på lik linje med dei kommunale og statlege barnehagane. Som medlemsbarnehage står vi sterkare og har større påverknadskraft

PBL-A (Arbeidsgiverseksjonen): -- er ei støtte til Tusenfryd barnehage som arbeidsgivar, og gir juridisk bistand og yrkesretta rettleiing for arbeidsgivar.

PBL- Bedriftshelseteneste: Tusenfryd barnehage har knytt seg til bedriftshelsetenesta til private barnehagar landsforbund.

PLANAR, DOKUMENTASJON OG VURDERING

Tilbodet barn og foreldre får i vår barnehage er ikkje tilfeldig. Tilbodet vert planlagt, gjennomført, dokumentert og vurdert ut i frå lover, føreskrifter, fagleg skjønn og erfaring. Tusenfryd barnehage er ein lærande organisasjon og er stadig i endring.

Strategiplan: Tusenfryd barnehage har ein overordna strategiplan for drifta av barnehagen. Dagleg leiar i samarbeid med eigarstyret og leiargruppa utarbeider planen som rullerast kvart fjerde år.

Årsplan: Årsplanen byggjer på Rammeplan for barnehagar og er hovuddokumentet for vårt pedagogiske arbeid. Her legg vi ein plan for kva året skal innehalde. Årsplanen fungerer som informasjon til føresette og andre, og sjølvsgt som arbeidsreiskap til personalet. Årsplanen vår er delt i tre. Ein hovuddel i kalenderformat, vert delt ut til foreldre og aktuelle samarbeidspartar i august. Del 2 og del 3 er halvårsplanar for det pedagogiske arbeidet på dei ulike avdelingane, haust og vår. Årsplanen skal fastsetjast av barnehagen sitt samarbeidsutval.

Temaplanar/ vekeplanar: Det vert laga planar for om lag 2 veker i gangen. Her får ein meir detaljert informasjon enn i halvårsplanane. Vekeplanane vert laga i fellesskap på avdelingane, og sendt ut til alle føresette.

Andre planar:

Vi har også eigne planar for blant anna HMT, brannvern, pedagogiske opplegg, arrangement, faste aktivitetar, spesialpedagogikk, samarbeid med andre instansar m.m.

Vi dokumenterer arbeidet på ulike måtar. Vi dokumenterer arbeidet vårt for at myndigheter skal kunne sjå at vi følger lover, for å lære av eigen praksis og ta det vidare i vurderingsarbeidet vårt, for å vise føresette kva barna opplever i løpet av ein dag i barnehagen, og for at barna skal kunne ta med seg positive minner frå tida i barnehagen vår. Vi dokumenterer og melder avvik også HMT i PBL mentor.





AUGUST

TEMA:
Tilknytning og vennskap

VELKOMEN TIL EIT NYTT BARNEHAGEÅR!

NY I BARNEHAGEN

TILVENNING: Allereie frå første dag i barnehagen og til langt ut i september går det føre seg eit intenst arbeid i barnehagane for å gjere barna trygge i sine nye omgivingar.

– Målet for tilvenningsperioden er ikkje å trene opp barn og foreldre til å sei «ha det» til kvarandre, men å gjere både barn og foreldre så trygge på barnehagen at det opplevast greitt å skillast. Kor lang tid dette tek, og korleis denne tryggleiken blir oppnådd, er forskjellig frå familie til familie

DEN FØRSTE OG VONDE AVSKJEDEN

VIS BARNET AT DU STOLAR PÅ PERSONALET
Fortel barnet at du skal gå — og gå når du har sagt at du skal gjere det. Viser du usikkerheit blir barnet usikkert, og tilvenningsperioden kan ta lengre tid. Det er viktig at barnet får erfaring med at foreldra ikkje går før dei seier i frå — og at dei kjem tilbake etter ei tid.

«EG KJEM SNART TILBAKE»...
Ikkje la deg friste til å snike deg ut utan at barnet merkar det. Det kan gjere barnet utrygt. Barnet skal erfare at foreldra går, og at dei kjem tilbake. Det skaper forutsigbarheit for barnet.

BLI PASSELEG LENGE I GARDEROBA, NÅR DU SKAL LEVERE

Blir du verande for lenge i barnehagen når du skal levere barnet, kan barnet tru at du også skal vere i barnehagen. Då blir det gjerne ekstra vanskeleg når du går, noko som også kan vere med å forlenge

tilvenningsperioden. Gjer det du må, som å legge på plass klede i hyllene, vaske fingrane saman med barnet, for så å levere barnet til personalet og sei «hade».

KVA OM BARNET GRÅTER?

Om du forlet eit barn som går og klamrar seg fast til deg, er det ikkje unaturleg å føle seg som ein dårlig forelder og tenke at barnehage var ein dårleg idé. Erfaringane i barnehagane tilseier at gråten til barnet stilar like etter at foreldra har gått. Men det kan gjere godt å ringe barnehagen for å få tilbakemelding frå avdelinga, etter at ein har forlatt eit gråtande barn.

GODE RELASJONAR

At barnet ser at foreldra er trygge på dei vaksne i barnehagen, kan gjere det lettare å godta at foreldra forlet barnehagen.

TILKNYTNING:

Tilvenning og tilknytning er to forskjellige ting. Tilvenning kan gå raskt, men tilknytning tek lengre tid.

Nokre barn treng to veker eller meir på å knyte seg til personalet på avdelinga. To veker «tilvenning» betyr ikkje at foreldra skal vere i barnehagen i 2 veker. Poenget er at dei kan om dei vil, eller personalet meiner dei bør. Men dei første dagane er dei der saman med barnet eller i umiddelbar nærheit. Dei neste dagane og vekene skal ein gjere det ein kan for at barna skal ha kortare dagar i barnehagen. Det er viktig at det er nokon som kan hente barnet dersom det gret mykje og treng meir tid til å knyte seg til nye vaksne.

Å KJENNE ATT TRYGG TILKNYTNING I BARNEHAGEN

(Broberg, Hagström & Broberg, 2012)

- Barnet viser den vaksne positive reaksjonar om morgonen.
- Barnet søker og tek imot trøyst hos den vaksne.
- Barnet kvilar kroppen mot den vaksne og blir roleg og avspent når vedkomande tek barnet inntil seg/løftar opp barnet.
- Barnet gir den vaksne klem, vil sitte i fanget.
- Den vaksne fungerer som «ladestasjon» for barnet.
- Barnet veit kvar den vaksne er.
- Ber den vaksne om hjelp.
- Er glad og fornøgd saman med den vaksne.
- Barnet samarbeider som oftast med den vaksne.
- Responderar på adekvat grensesetting fra den vaksne.

SMÅ BARN HAR EIT GRUNNLEGGANDE BEHOV FOR:

- Omsorg
- Tryggleik
- Forutsigbarheit
- Rutiner og kvardagsliv.
Rutiner i kvardagen strukturerar tida for små barn. Gode og forutsigbare kvardagar er viktigare en «fancy» prosjekt
- Stabilitet
Stabile relasjonar; små og stabile grupper skaper tilhørigheit og tryggleik



	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Sundag
31		1	2	3	4	5	6
32	7 PLANDAG Barnehagen er stengt	8  Første dag for barna etter sommerferien.	9	10  Sondre 5 år	11	12	13
33	14	15	16	17	18	19	20
34	21	22	23	24	25  Even 1 år	26  Alba 5 år	27  Freja 2 år
35	28	29	30	31			

SEPTEMBER

Foreldremøte
avdelingsvis.



MATPENGAR (gjeldande sats frå 1. mars 2023)

kjem i tillegg til foreldrebetaling - kr. 513,- pr. mnd.

Dette dekker utgifter til alle daglege måltid, melk og frukt, i tillegg til bursdagfeiringar, nissefest, kameval, Luciafrukost m.m.

MÅLTIDA I BARNEHAGEN

- FOKUS PÅ EIT SUNT OG VARIERT KOSTHALD!

Tusenfryd har eigen kjøkkenassistent, i tråd med satsinga vår på eit variert og sunt kosthald. Satsing vert sett i samanheng med ei heilheitstenking i høve kognitiv utvikling, fysisk aktivitet og eit sunt og variert kosthald.

Vi dekker på bordet slik at barna sjølve får smøre på sin mat. Her vert det lagt til rette for variert utval av brød, pålegg, frukt og grønnsaker. Vi serverer varme måltid minst to gongar i veka. Det vert lagar næringsrike og gode supper frå grunn av, i tillegg til varierte middagsrettar.

Barna har i tillegg eit mellommåltid pr dag. Avdelingane vekslar mellom å tilby frukt/smoothie, yoghurt og ulike grauttypar.



BURSDAGSFEIRINGAR

Når det er bursdagsfeiringar i barnehagen kan barnet som har bursdag velge mellom t.d. fruktfat/ fruktkreasjon, fruktsalat eller smoothie. Barnehagen kjøper inn det som trengs for bursdagsfeiring.



	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Sundag
35					1	2	3
36	4	5	6	7 PLANDAG Studietur for personalet Barnehaven er stengt	8 PLANDAG Studietur for personalet Barnehaven er stengt	9	10
37	11	12	13  Emil 2 år	14	15	16	17
38	18	19	20  Hedda 2 år	21	22	23	24
39	25	26	27	28	29	30  Atelija 4 år	
							I september har vi FORELDRESAMTALAR etter avtale

OKTOBER



OBS!
Det vert mest truleg ein plandag (bhg stengt)
i regi av Høgskulen i Volda (ikkje fastsett dato)



BARNEHAGEN SITT PEDAGOGISKE FØREMÅL OG INNHOLD

KVA BESTEMMER INNHALDET I BARNEHAGEN

BARNEHAGELOVA:
Lov om barnehagar

RAMMEPLAN FOR BARNEHAGAR:

Rammeplanen skal gi styrar, pedagogiske leiarar og det øvrige personalet ei forplikta ramme for planlegging, gjennomføring og vurdering av barnehagen si virksomheit. Rammeplanen gir også informasjon til foreldre, eigar og tilsynsmynde.

ÅRSPLAN:

Skal vere eit arbeidsreiskap for personalet for å styre arbeidet i ei bevisst og uttalt retning. Den skal også synleggjere innhaldet i barnehagen overfor foreldra, politikarar og kommunen, og danne grunnlag for foreldra sin påverknad og kommunen sitt tilsyn.

TUSENFRYD BARNEHAGE UTARBEIDAR ÅRLEG:

ÅRPLAN DEL 1: Overordna plan for verksomheita. I år kjem den i kalenderformat som kan hengast på veggen og brukast i kvardagen.

ÅRPLAN DEL 2: Avdelingsvis pedagogiske planar for dei ulike barnegruppene. Desse vert utdelt kvar haust og vår til den aktuelle barnegruppa.

	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Sundag
39							 Karoline 3 år
40	2	3	4	5	6	7	 Brede 5 år  Madelen 1 år
41	9	10	11	12	13	14	15
	Haustferie i skulen i veke 41				 Kajus 3 år		 Olav 2 år
42	16	17	18	19	20	21	22
43	23	24	25	26	27	28	29
							 Kristoffer 4 år
44	30	31					I oktober har vi FORELDRESAMTALAR etter avtale



NOVEMBER



BARN OG BARNDOM

Barnehagen tek utgangspunkt i eit heilheitssyn på barnet. Vi ser på barnet si utvikling som eit dynamisk og tett samanvevd samspel mellom barnet sine fysiske og mentale føresetnader og det miljøet barnet veks opp i. Barna er sosiale aktørar som sjølv bidreg til både eiga og andre si læring. Samspelet med andre menneske er avgjerande for barnet si utvikling og læring. I lag med oss vaksne og vennane på avdelinga skal barna få grunnleggande haldningar og verdiar og tillit til seg sjølv og andre.

Barna påverkar omgjevnadane sine gjennom fysisk aktivitet og sin veremåte. Vi vaksne må møte alle barna med respekt, aksept, tiltru og tillit. Dette er viktig fordi det er i møte med nære omsorgspersonar at barna danner seg sitt eige sjølvbilde – Barnet si oppfatning av seg sjølv.

HOVUDMÅL FOR TUSENFRYD BARNEHAGE

- Personalet skal legge til rette for at barna skal få utvikle god **tilknyting** og **gode relasjonar** der tryggleik, vennskap, humor og glede kjem til uttrykk i det daglege.
- Personalet skal sjå til at barna får utvikle seg gjennom leiken i **samspel** med kvarandre i eit trygt miljø.
- Personalet skal gjennom **naturleg progresjon** gi barna opplevinga og utfordringa tilpassa barnet sitt alders- og utviklingstrinn.
- Tusenfryd skal fremme barna sin **fysiske og psykiske helse** ved å ha søkelys på relasjonsbygging, fysisk aktivitet, uteliv, matglede, sunn mat, nok ro og kvile.



LEIK OG SOSIALT SAMSPEL

Barn har ei ibuande og naturleg nysgjerrigheit som gjer at dei går i gong med å undersøke omgjevnadane rundt seg. Leik er lystbetont for barnet. Leik fremmer utviklinga og har difor ein viktig funksjon. Leik gir barna gode høve til samhandling med andre barn, noko som er viktig for den sosiale utviklinga. Samspel med andre fører også til konflikter, noko som også er viktig å lære å handtere. Leiken er den viktigaste aktiviteten for barn. I leiken kjem barnet i kontakt med andre barn, og skaffar seg erfaringar med korleis andre menneske er og reagerer. Ved å leike får barnet utfalde seg i ein sosial arena som er meir ufarleg enn det verkelege livet. Barnet får høve til å prøve seg fram utan at det får store konsekvensar.

	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Sundag
44			1  Kimberly 2 år	2	3	4	5
45	6  Olivia 3 år	7	8	9	10	11	12
46	13	14	15	16	17	18	19
47	20	21	22	23	24	25	26  Ludwig 1 år
48	27	28	29  Alexander 3 år	30			
							I november har vi FORELDRESAMTALAR etter avtale



DESEMBER



GOD JUL TIL SMÅ OG STORE!



LUCIA-FROKOST

Onsdag 13. desember
kl. 09.00 er det Lucia-frokost
med foreldre.



GUDSTJENESTE

Barnegudstjeneste
i Stranda kyrkje
for dei eldste barna.

NISSEFEST

for barn og
personale.



NB! Barnehagane
er stengt i romjula.



SAMLINGSSTUNDER

Samlingsstunder er ein sjølvstendig del av norsk barnehagekultur. Den er ein heilt naturleg del av kvardagen i barnehagen og blir gjennomført på like mange måtar som det finst barnehagefolk. Vi har auka bevisstgjerings rundt samlingane slik at dei vert planlagde og varierte stunder der barn og vaksne opplever eit fellesskap rundt spanande opplegg. Samlingane skal ha ei blanding av barneinitiert og vaksenstyrt innhald.

	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Sundag
48					1	2	3
49	4	5	6	7	8  Kristian 5 år	9	10
50	11	12	13  LUCIA-FROKOST	14	15	16	17
51	18	19	20	21	22  Siste dag før jul	23	24 Julaftan
52	25 1. juledag	26 2. juledag	27 Ferie dag for personalet	28 Ferie dag for personalet	29 Ferie dag for personalet	30	31 Nyttårsaftan

JANUAR

GODT
NYTT
ÅR

TRYGG TILKNYTING

- Barnehagen er ein unik arena for å fremje psykisk helse. I Tusenfryd ser vi på barnehagen i eit pedagogisk utdanningsperspektiv og i eit psykologisk perspektiv. Høg kvalitet på arbeidet med å sikre trygg tilknytning, kan bidra til barna si psykologiske utvikling den tida dei er i Tusenfryd. Dei siste åra har personalet tileigna seg kunnskap basert på nyare forskning om det å etablere gode relasjonar mellom barn og vaksne. Kurs, etterutdanning og sertifisering innan dette emnet vert prioritert. Barnehagen har sertifiserte kurshaldarar, og kan halde kurs for grupper av foreldre.
- For små barn er kvalitet einstyndande med moglegheita til å danne ein eller fleire sekundære tilknytingsrelasjonar, slik at stress vert redusert og tryggleik etablert. Gjennom dette fokuset hjelper vi barna til å lære om seg sjølv, sin eigenverdi, kva følelsar det har, korleis det kan vere saman med andre og korleis det kan meistre nye ting.
- Tryggleik oppstår når ein blir forstått og tatt på alvor. For små barn kan dette til dømes dreie seg om at dei vaksne anerkjenner barnets gråt, ikkje føyse den unna. Hos barn som ikkje har språk må gråten alltid tolkast og settast ord på. Ifølge tilknytingsperspektivet må gråt sjåast på som ein dialog-åtferd. Ifølge John Bowlby hjelper gråten barnet med å etablere og oppretthalde banda mellom barnet og omsorgspersonen.
- Ein god samtale kan bidra til å gjere ulike situasjonar lettare for barnet. I dialog og innsiktssamtalar blir barnet sett, høyrte og tatt på alvor. Slik vert både eigenverdi og sjølvrespekt styrka. Vi ønsker å hjelpe barnet til å forstå samanhengar, få oversikt, oppleve forutsigbarheit og kontroll. Slik kan forholdet til egne kjensler, reaksjonar, opplevingar og behov vert tydlegare.



	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Sundag
1	1 Nyttårsdag	2  Første dag etter nyttår	3	4	5	6	7
2	8	9	10	11	12  Anna 4 år	13	14
3	15  Nelly 1 år	16	17  Vilte 6 år	18	19	20	21
4	22	23	24	25	26	27	28
5	29	30	31				

FEBRUAR



VINTER- AKTIVITETSDAG

I februar blir
det aktivitetsdag

LÆRING

Barnehagen skal støtte barna si nysgjerrigheit, vitebegjær og lærelyst, og bidra til eit godt grunnlag for livslang læring. Læring foregår i det daglige samspelet med andre mennesker og med miljøet, og er nært samanvevd med lek, danning og omsorg. Barn kan lære gjennom alt dei opplever og erfarar på alle områder. Læring vil vere prega av kvaliteten i samspelet mellom barn og personale.

Personalet skal vektlegge ein anerkjennande veremåte i forhold til barna si læring. Støtte og utfordring gjennom varierte opplevingar, kunnskapar og materialer skal fremme læring.

BARNAS MEDVERKNAD

Barna skal ha stor fridom til å velge aktivitetar, men dei skal også øve seg på å innrette seg til gruppa og vere med på leia aktivitetar. Barna har rett til å uttrykkje seg og påverke alle sider av livet i barnehagen, på same tid som dei må støttast til å leve seg inn i andre sin situasjon og til å ta omsyn til andre. Vi i Tusenfryd ønsker å vere bevisste i forhold til balansen mellom vaksenstyrte og barneinitierte aktivitetar.



6. februar
er det
Samefolkets dag

KARNEVAL

Fredag 9. februar har vi karneval i barnehagen



FYSISK AKTIVITET OG UTELIV

Personalet i Tusenfryd ønsker å legge til rette for at barna skal få oppleve rørsleglede, mentalt og sosialt velvære og god fysisk og psykisk helse. Vi støttar oss til teoriar om at fysisk aktivitet og ei god fysisk helse påverkar mennesket si psykiske helse på ein positiv måte.

Vi vil at barna skal få oppleve glede og meistring, samt velvære og positiv livsutfalding gjennom deltaking i fysisk aktivitet både ute i barnehagen og på turar i naturen, tilpassa alder og personlege føresetnader.

Turar i nærområdet ser vi gir styrka fellesskapskjensle og auka sosial

kompetanse. Både inne i barnehageområdet og ute på tur skal barna inkludert i aktivitetar der dei kan vere i bevegelse, lek og sosial samhandling og oppleve utfordringar, motivasjon, meistring og glede ut frå eigne føresetnader. Vi skal bidra til at barna blir kjent med kroppen sin og utviklar eit medvit om eigne og andre sine grenser. For dei eldre barna skal lek og fysisk aktivitet i barnehageskogen vår vere eit naturleg alternativ gjennom heile barnehageåret.



	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Sundag
5				1  Mateo 3 år	2	3	4
6	5	6  Samefolkets dag	7	8	9  Karneval	10	11
7	12	13	14	15	16  John-Marius 6 år	17	18
8	19	20	21	22	23	24	25
9	26	27	28	29			



MARS




FAGOMRÅDA

Rammeplanen pålegg oss å jobbe med sju ulike fagområder. Desse vil sjeldan opptre isolert. Fleire områder vil vere representert samtidig i temaopplegg, i samband med kvardagsaktivitetar og turar i nærmiljøet.


I sosialt samspel, i lek og kvardagsaktivitetar, skjer det ofte ein spontan kommunikasjon knytt til fagområda. At barn får rike, felles opplevingar og del i kunnskap på

mange områder, er også ein føresetnad for at det skal bli god lek og eit godt samspel mellom barna.

Arbeidet med fagområda skal tilpassast barna sin alder, interesser, barnegruppa si samansetning og andre føresetnader. Alle skal få like moglegheiter til å møte utfordringar som svarar til deira utviklingsnivå.



PÅSKEFERIE
for barn og personalet
i veke 13
– barnehagen stengt



FERIEINFO

Husk at barnehageåret varer til 31. juli.
Førskulebarna skal ha avvikla ferie
(4 sammenhengende veker eller 3+1 veke)
innan 1. august!

	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Sundag
9					1  Alex 5 år	2  Smilte 5 år	3
10	4  Aronas 6 år	5	6	7  Denas 4 år	8	9	10
11	11  Lukas 5 år	12	13	14	15	16	17
12	18	19	20	21	22	23	24  Wiktor 5 år Palmesundag
13	25 PÅSKEFERIE FERIEDAG Barnehagen er stengt	26 FERIEDAG Barnehagen er stengt	27  Thale 4 år AVSPASERINGSdag Barnehagen er stengt	28 FOR BARN Skjærtorsdag	29  Endre 6 år Langfredag	30 OG PERSONALET	31 1. påskedag
							I mars har vi FORELDRESAMTALAR etter avtale



Foreldresamarbeid

Foreldre inviterast til å engasjere seg i barnehagens si drift gjennom den daglege kontakta ved henting og levering, ved deltaking på foreldremøte og ved å være representantar i Samarbeidsutval og eigarstyre, foreldremøter og foreldresamtalar, m.m.

Tusenfryd vert drive i samsvar med:

- Lov om barnehager og offentlige fastsatte forskrifter og retningslinjer
- Lov om internkontroll og barnehagens egne sikkerhets/internkontrollrutiner.
- Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler.
- Rammeplan for barnehager, 2017.
- Arbeidsmiljøloven.

Eigarstyre: Er barnehagen sin øvste administrative myndigheit. Eigarstyret vedtek budsjett, vedtekter, tilset personale og har ansvar for at barnehagen vert drevet i samsvar med gjeldande lovar og regelverk i samarbeid med dagleg leiar.

Årsmøte: Tusenfryd barnehage er ein foreldreeigd andelsbarnehage. I april vert det halde årsmøte for andelshaverane.

Samarbeidsutval: Eit rådgivande, kontaktskapande og samordnande organ samansett av 2 foreldre og 2 personale. Dagleg leiar har møte- og uttalerett men ikkje møteplikt i SU.

Foreldrerådsmøte: Styreleiar er ansvarleg for at foreldrerådsmøte vert halde etter innmelding av saker. Foreldrerådet (alle foreldre i barnehagen) skal jobbe for positive aktivitetar og ei positiv utvikling av barnehagen til beste for barna, foreldre og tilsette.

Foreldremøte: Foreldremøte vert halde to gongar i løpet av barnehageåret, eit om hausten og eit på våren.

Foreldresamtalar: Barnehagen kallar inn til to foreldresamtalar i løpet av barnehageåret, men det er fullt mogleg å avtale foreldresamtale utan om dei to samtalane som barnehagen tek initiativet til. Ta kontakt med pedagogisk leiar på di avdeling eller med styrar dersom du ønsker fleire samtalor. I desse samtalane ønsker vi å få ein felles forståing av korleis barnet har det heime og i barnehagen.

Den daglege kontakta: Den daglege kontakta mellom personale og foreldre når barnet kjem til barnehagen/vert henta, er viktig. Då kan vi gi og ta imot beskjedar, og snakke om ting som vedkjem barnet «her-og-no». Vi vil at foreldre skal spørre om kva barnet har leika med, kven det har leika med osv. Ta deg god tid, og ver flink til å dele opplevingar som barnet har utanfor barnehagen med personalet. Då har vi mykje å snakke om igjennom dagen. **Personalet** må vere flinke til å formidle korleis dagen i barnehagen har vore for barnet. I tillegg til dagleg kontakt ved levering og henting, nyttar barnehagen KIDPLAN som digital plattform for å dele informasjon om dagen på avdelinga (tekst og bilete) og skriftlege meldingar mellom heim og barnehage.


	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Sundag
14	1 2. påskedag	2  Første dag etter påske.	3  HUSK frist for å lever brev om uttak av ferie.	4	5	6	7
15	8	9	10	11	12	13	14
16	15	16	17	18	19	20	21
17	22  Lauritz 5 år	23	24	25  Silas 6 år  Ajus 5 år	26	27  Jonas 4 år	28  Dennis 5 år
18	29	30					
							I april har vi FORELDRESAMTALAR etter avtale



JA, VI ELSKER DETTE LANDET

Tekst: Bjørnstjerne Bjørnson
Melodi: Rikard Nordraak

Ja, vi elsker dette landet
som det stiger frem,
furet, værbit over vannet,
med de tusen hjem.
Elsker, elsker det og tenker
på vår far og mor
og den saganatt som senker
drømme på vår jord.



MAI



BARNEHAGETOG

Vi øver på å gå i tog
og planlegger feiring i barnehagen

17. MAI

Tog med eiga fane
i barnetoget på Stranda.



FREDAG 10. MAI

Plandag for personalet
Barnehagen er da stengt

FORELDREMØTE

Foreldremøte for neste
barnehageårs nye foreldre

	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Sundag
18			1 Offentleg høgtidsdag	2 Markus 4 år 	3	4	5
19	6	7	8	9 Peggy 2 år Kristi himmelfartsdag 	10 PLANDAG Studiedag for personalet Barnehagen er stengt	11	12
20	13	14	15	16  BARNETOG og feiring i barnehagen	17  Grunnlovsdag	18	19 I. pinsedag
21	20 2. pinsedag	21	22	23	24	25	26
22	27	28	29	30	31		



JUNI



OVERGANG BARNEHAGE / SKULE



SKULESTARTARAR

Stranda kommune har utarbeida mål og delmål for førskulearbeidet som er forpliktande for barnehagane og skulane. Kvar barnehage lager eit opplegg som er tilpassa den aktuelle barnegruppa, men alle brukar den oppsette felles aktivitetsplanen. Dermed får alle skulestartarane eit tilnærma likt utgangspunkt frå barnehagen når dei startar på skulen.

Førskulebarna vil ha eige opplegg som vil kome i eit informasjonsskriv etter oppstart av barnehageåret. Stranda kommune har laga ein framdriftsplan for korleis overgangen til skulen skal vere: «Den gode skulestart». Dette er ein plan som forpliktar både for barnehage, skulen, helsestasjonen og PPT.

For barnehagen inneber planen i hovudtrekk:

- 4 avtalte førskuletreff for alle barnehagane i Stranda tettstad.
- Informasjonsmøte spesielt for foreldre med førskulebarn om kva vi legg vekt på i barnehagen det siste året før skulestart
- Foreldresamtalar haust og vår med fokus på skulestart og førebuing til det.
- Skulen held informasjonsmøte for foreldre vedrørende skulestart
- Førskulebarna besøker skulen
- Lærarane besøker barnehagen
- 1.klasse kjem på besøk til barnehagane etter at dei har gått på skule eit par månadar.



SOMMARFEST

Sommarfest i barnehagen,
med kafé og loddsal for foreldre,
søsken og besteforeldre m.m.



	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Sundag
22						1	2
23	3	4	5	6  Naomi 3 år	7	8	9
24	10	11	12	13	14  Lucas 6 år	15	16
25	17	18	19	20  Jennie 2 år	21	22	23
26	24	25	26	27	28	29	30

JULI

GOD SOMMAR - og god ferie til små og store



FERIE I BARNEHAGEN

Tusenfryd barnehage er stengt i 3 veker i fellesferien (stengt veke 29, 30 og 31)
Ferieskjema vert sendt ut til foreldra i mars.



Alle barna skal ha 4 veker ferie i løpet av barnehageåret. Vel ein å dele opp ferien, skal 3 av vekene vere samanhengande om sommaren, innan utgangen av barnehageåret - den fjerde veka skal òg vere samanhengande, men kan leggst til kva tid ein må ønske det i løpet av barnehageåret.

Dei barna som skal ta til på skule må ha avvikla all ferie før 1. august det aktuelle året. Ferien skal vere etter avtale med barnehagen. Personalet har 4 veker ferie om sommaren. Heile personalgruppa må ta den femte ferieveka fordelt på jule- og påskeferie.

Les meir om avvikling av ferie i barnehagen sine vedtekter (i utdelt perm)



	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Sundag
27	1	2  Mathias 6 år	3	4	5  Erik 6 år	6	7  Saxo 5 år
28	8	9	10	11	12	13	14
29	15	16	17	18	19	20	21  Gabrielle 2 år
30	22	23	24	25	26  Hedda 6 år  Miron 2 år	27	28
31	29	30	31				

SOMMARFERIE
i Tusenfryd Barnehage

AUGUST

DET ER STORT Å VERE LITEN I TUSENFRYD BARNEHAGE



	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Sundag
31	SOMMARFERIE					3	4
32	5	6	7	8	9	10	11
33	12	13	14	15	16	17	18
34	19	20	21	22	23	24	25
35	26	27	28	29	30	31	



Takk for i år!

